

Kokegrop

Av Mone Løvøy, Volda

Gjennomført heime 27.12.2008, laga mat til fire vaksne og fem barn.

Utstyr vi nytta:

- 2 stikkspader
- 1 tollekniv
- 1 øks
- trillebår
- varmeresistente hanskar
- peisklype til å plukke opp stein
- presenning til å legge molda på
- fyrstikker/lighter
- rive
- 1 sekk ved
- aluminiumsfolie
- laks
- poteter, 1 pr person. Middels store
- salt, pepper, purre

Dette gjorde vi:

- Vi grov ei grop på omlag 50x70 cm. Det må vere plass til fisken i lengda (diagonalen), samt stein på alle kantar. Gropa var omlag 50 cm djup. Torva vart delt i to stykker.



- Vi spikka ein del småflis, og høgde opp ein del småved til oppfyring
- Steinen vi nytta til gropa var stort sett heller, sidan vi har god tilgang på det. Vi steinsette gropa, både botnen og veggane.
- Potetene vart pakka i dobbel aluminiumsfolie
- fisken salta og pepra vi, og la litt purre i buken. Pakkast i fleire lag med aluminiumsfolie.
- Vi fyrte i gropa kl 14.40. Starta med eit lag flis, og småved og større vedskider. La på meir ved når det tok skikkeleg fyr. Ved stor grop kan du lage to småbål, og la dei vekse til eit stort etterkvart. Når det brann kraftig la vi på så mykje ved at det vart haug på gropa.



- Prøvde med ein vri denne gongen: Etter at veden hadde brent godt ned la vi på eit lag heller på glørne, og la laksen og potetene på steinen, la så på eit lag heller og til slutt torva. Spadde mold i kantane der det kom ut røyk, slik at det vart heilt tett. Dette gjorde vi kl. 15.50. Vi la eit termometer under, og eit over laksen.



- Vi åpna gropa kl 17.30, altså 1 time og 40 minutt etter vi lukka den.
- Laksen var godt steikt, medan potetene var litt ujamne. Dei potetene som hadde litt kontakt med glør var ferdige, men dei som låg på berre stein var litt harde.
- Foreslår at neste gang legg vi heller akkurat der laksen skal ligge, og potetene på glørne.



Ein god grunn til å legge på maten medan det framleis er glør i gropa, er at ein slepp å plukke ut stein og glør, dette er varmt og det er lett å brenne seg. Ei peisklype er god hjelp til steinane...